



Kunngjering 2019

Tilskot til å utvikle sosiale tenester i NAV-kontoret

Kven kan søkje	NAV-kontor
Søknadsfrist	1. februar 2019
Tidsperiode	Tilskotet blir primært gitt for eitt år frå oppstartsdatoen, men vi kan gi i inntil tre år til det same tiltaket.
Rapportering	Tilskotsmottakaren skal rapportere 1. februar 2020 for statusrapportering og rekneskapsrapportering.
Referanse	Kap 0621 post 63, Arbeids- og sosialdepartementet

Kva lokale utfordringar kan dette utviklingstilskotet bidra til?

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere til å utvikle sosiale tenester som er heimla i sosialtenestelova.

Det overordna målet er å gi eit heilskapleg og samordna tenestetilbod tilpassa behova til brukarane. Gjennom nye arbeidsmetodar og samarbeidsformer skal brukarane oppleve auka kvalitet i tenestene, og gjennom dette også betra levekår. Tenestene skal formast ut slik at brukarane kan få høve til å gjere seg nytte av arbeidsevna si, slik at flest mogleg kjem i lønt arbeid og kan halde tilknytninga til arbeidslivet ved lag over tid. Tenestene skal utviklast i tett samarbeid med brukaren både på individ- og systemnivå.

Målgruppa for ordninga er sosialt og økonomisk vanskelegstilte som har behov for sosiale tenester, og andre som står i fare for å kome i ein vanskeleg livssituasjon.

Følgjande område vil bli særskilt prioriterte i 2019:

- bruk av ordinært arbeidsliv
- oppfølging av barnefamiliar, ungdom og innvandrarak
- sikring av sårbare overgangar, blant anna lauslating etter straffegjennomføring, overgangar mellom ulike tenester, utdanning og arbeidsliv

Vi oppfordrar NAV-kontor til

- samarbeid mellom bydelar, interkommunalt samarbeid og samarbeid mellom storbyar
- å sjå dette tilskotet i samanheng med andre tilskot som «Tilskot til kommunalt rusarbeid», "Tilbud til mennesker med langvarige og/eller sammensatte tjenestebehov" og «Arbeidsrehabilitering etter modell av individuell jobbstøtte og/eller jobbmeistrande oppfølging» (Helsedirektoratet).

- å ha ei god forankring og ein robust rigg for tiltaket. Difi har laga ei god oversikt over innovasjonsverktøy: <https://www.difi.no/fagomrader-og-tjenester/innovasjon/hvordan-jobbe-med-innovasjon/verktoy-og-metoder>
- å gjere seg kjend med relevante nasjonale satsingar og strategiar, og sjå desse i samanheng med lokale levekårsutfordringar. Eksempel frå satsingar og strategiar:
 - *Bolig for velferd. Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid (2014–2020)* – les meir her: [https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Bolig-for-velferd/id753950/?q=bolig for velferd](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Bolig-for-velferd/id753950/?q=bolig+for+velferd)
 - *Mestre hele livet. Regjeringens strategi for god psykisk helse (2017–2022)* – les meir her: [https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/mestre-hele-livet/id2568354/?q=mestre hele livet](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/mestre-hele-livet/id2568354/?q=mestre+hele+livet)
 - *Opptappingsplanen for rus* – les meir her: www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-15-s-20152016/id2460953/sec1?q=opptappingsplan#match_0
 - *Nasjonal strategi for samordnet tilbakeføring etter gjennomført straff* – les meir her: www.regjeringen.no/no/dokumenter/reduisert-tilbakefall-til-ny-kriminalitet/id2556905/
 - *0–24-samarbeidet* – les meir her: <https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/grunnopplaring/artikler/0-24-samarbeidet/id2511690/>
 - *Inkluderingsdugnaden* – les meir her: <https://www.regjeringen.no/no/sub/inkluderingsdugnad/id2596993/>

Det blir ikkje gitt tilskot til:

- tiltak som er / har vore med i «Heilskapleg oppfølging av låginntektsfamiliar» og «NAV-retteleiar i vidaregåande skule», og som vil bruke tilskotet til å utvide og/eller implementere tiltaket
- implementering av ferdig utvikla metodar og arbeidsmåtar
- søknader som berre skildrar kapasitetsauke i tenesta

Korleis søker du?

Fyll ut søknadsskjemaet på bokmål eller nynorsk.

Send søknadsskjemaet til fylkesmannen din (fylkesmannen.no).

